Erlend Vaktskjold
Fagervollen 37
5956 HUNDVIN

29.10.2016

Lindås kommune
v/ Linda Folkestad
Vatn og Avløp
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

**Søknad om dispensasjon frå byggjegrense til VA nett**

Eg viser til telefonsamtale med Linda Folkestad om å søkje skriftleg om dispensasjon før søknad går til byggjesak om oppføring av garasje på Gnr 56 Bnr 138.

Eg vil med derfor med dette søkje dispensasjon til oppføring av garasje i høve til vedlagde kartutsnitt med innteikna garasje som syner at ytterkant søylepunkt ligg 0.6m frå leidning for spillvatn.

Legg merke til at det er søylepunkt som ligg nær leidningen, som med lette midlar kan avlastast og evt. byggjast under på nytt dersom det syner seg at leidningen ligg djupt, unøyaktig eller det av andre grunnar er vanskeleg å komme til ved framtidig vedlikehald eller oppgradering av leidningen.

Legg og merke til at grunnarbeid for det aktuelle arealet for søylepunkt var utførd i samband med grunnarbeid for tomta, slik at det oppføring av garasje ikkje medfører noko risiko for spillvassleidningen.

Venleg helsing

Erlend Vaktskjold




— Avløp felles
— Drensledning
— Overvann
—> Pumpeledning spillvann
—> Pumpeledning vann
— Spillvann
— Vannledning

Udefinert grenser
Terrengmålte grense
Konstruert grensepunkt
Bolig
Bustad m/leilighet
Våningshus
Større bustader

Hytte/feriehus
Garasje/uthus
Industri/lager
Andre bygg

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.

Lindås kommune
Geodata avdeling

N

Dato: 2016.09.22
Sign: lieiho

Kartutsnitt VA-data gbnr 56/138

Målestokk
1:500